

Planleggjars kommentarar etter avgrensa høyring, detaljregulering Andahavet Langøy

Viser til tilsendt brev frå Bømlø kommune, datert 10.01.24 etter høyringsperiode.

Totalt kom det inn 3 merknadar:

1. Jarle Alvsvåg m.fl på vegne av Jørgen Alvsvåg, 10.12.23

Eigar av eigedom 110/11 motset set forslaget om at delar av tomta vert omgjort til grøntareal. Dette berører eigars eigedom, som i sin heilskap består av allereie tinglyst og godkjent skjøte på bustadtomt med tilhøyrande nausttomt. Nausttomta har i tillegg tinglyst vei frå kommunevei til tomt. Foringelsen av eiendommen er betydelig og vil redusere verdien betraktelig og vil med dette protestere på det sterkeste. Dette forslaget er kommet uten at eier har fått noen informasjon om at dette er i gang.

Forventer at:

- Tomt 110/111 blir fjernet fra LF04 og opprettholder sin opprinnelige status
- Att eventuelt LF05 dekker opp for LF04
- Byggeløyve blir godkjent

Planleggjars kommentar (PK): Planprosessen har vore omfattande og medført mange revisjonar med tilhøyrande motsegn frå Statsforvaltaren etter første planframlegg i 2020. Utbyggingsomfanget er betydeleg redusert i løpet av revisjonane for å imøtekoma Statsforvaltaren sine merknadar. Spesielt har dette råka området Andahavet og nordleg del av Langøy. Området som vert føreslege regulert som LF4 har vore spesielt omtala av Statsforvaltaren som eitt av dei få gjenståande områdene i Andahavet verdt å ta vare på.

Byggjeløyve vert ikkje håndtert i planprosess, men gjennom byggesak av Bømlø kommune.

2. Stian og Vidar Alvsvåg, 28.12.23

Eigarar av eigedom 110/55 samt 110/158 vil motsetja seg forslaget om at desse tomtene blir omgjort til naturområde. Dette berører eigars eigedom som i sin heilhet består av allereie tinglyste og godkjente skjøte som nausttomter. Området har vore i bruk til naust og næring sidan 50-60-talet. Nausttomtene (på 110/55) er 100% opparbeidd og består av fyllmasse, mellom anna ein molo og båtopptrekk.

Nausttomt (110/55) vart godkjent tinglyst frå Langøen Notlag i november 2023. Planen har vore å bygge naust i dette området. Foringelsen av eiendommen er betydelig og vil redusere verdien merkbar og me vil med dette protestere på det sterkeste. Dette forslaget er komme utan at eigar av Langøen Notlag eller ny eigar har fått noko informasjon om at dette er planlagt om til naturområde.

Me oppmodar på det sterkeste om at :

- tomt 110/55 blir fjerna frå GN1 og opprettheld sin opprinnelege status som naustområde
- Deler av tomt 110/158 blir fjerna frå GBG5 slik at denne delen av området kan nyttast til naust knytt opp til turisme på Hengjo

PK: Planprosessen har vore omfattande og medført mange revisjonar med tilhøyrande motsegn frå Statsforvaltaren etter første planframlegg i 2020.

Utbyggingsomfanget er betydeleg redusert i løpet av revisjonane for å imøtekoma

Statsforvaltaren sine merknadar. Spesielt har dette råka området Andahavet og nordleg del av Langøy. Ein har vidare redusert talet på naustbygg vesentleg, fordelt på område Statsforvaltaren har kommentert direkte på. Ein har også fokusert på utbyggingsgrad, dvs å halda nokre område fri for utbygging, deriblant også området rundt brua på vegen ut til Langøy (del av 110/158).

Langøy Notlag er tilskrive som grunneigar i planområdet, og det har vore telefonisk kontakt mellom planleggjar og 1 av eigarane av sameiget. Sidan planrevisjon i januar 2022 har området 110/55 vore fremja som grøntområde, noko forslagsstillar for plan i Langøy, har eller kunne ha vore klar over sidan planforslaget har vore tilsendt pr e-post.

3. Ingebjørg Møgster, 02.01.24

Statsforvaltaren har alltid krav om «grøntareal» i ein reguleringsplan. Dette gjer at nokon eigarar meir eller mindre tilfeldig kjem uheldig ut i ein reguleringsplan. Min eigedom er dessverre planlagt til å vere grøntområde. Eg ber om at det blir lagt til grunn urbant jordskifte i denne reguleringsplanen. Dette for å sikra ein rettferdig kompensasjon for eigedommar som har fått redusert sin verdi.

PK: Anledning til urbant jordskifte gjeld berre ved felles utbygging, slik at det er vurdert at dette ikkje er relevant i denne planen med mange ulike utbyggerar utan felles tiltak.

Bremnes, 10.01.24

Vidar Onarheim

Planlegg Bømlo